

# Ljos til Jord

## Wardruna

Eit skifte på veg  
Eg kjenner kvart steg  
Det kvervande hjulet  
Kallar i meg  
Gå under jorda  
Byrje på ny  
Eg kunne òg trenga  
Å fylgje din sti  
Gå ved di side  
Ell' ryggen ri  
Eg kunne òg trenga  
Å Kvila i hiet  
Gå ved di side  
Ell' ryggen ri  
Eg kunne òg trenga  
Å Kvila i hi

Er det du  
Som veidar i min draum?  
Er det du  
Som ber meg fylgje?  
Steg for steg  
Mot hi og heim  
Drøymeveven  
Meg hylje

No minkar solas megin  
No kallar dvalen  
No stilnar songen  
Fuglar flyge sunnan  
Me symjar saman oppstraums  
Den strie elv  
Me kallast heim til der kor  
Allting byrja

Hamen min vil eg gøyme  
Under jord for å drøyme  
Gløyme, og all yte løyne  
Alt indre, røyne

Djupt i meg  
Djupt i mitt minne  
Djupt er min røyndom råka  
Av di soge  
Av ditt strev  
Av di svinnde verd

Eit skifte på veg  
Eg kjenner kvart steg

Det kvervande hjulet  
Kallar i meg  
Gå under jorda  
Byrje på ny  
Eg kunne òg trenga  
Å fylgje din sti  
Gå ved di side

Ell' ryggen ri  
Eg kunne òg trenga  
Å Kvila i hi  
Songen stilnar  
Fuglar flyg sunnan

Far no vel  
På din veg  
Verda ventar  
Til du heimatt vender

Om sumaren stod  
Eit gildt gjestebod  
Ein vill overflod  
Fager og frod  
Vertinna forlot  
Med seg ho tok  
All Varme og ljøs  
All føde og liv  
All den tid  
Me sparar i ly  
Ligg Bjørnemor stilt  
Og drøymar i hi  
Kan hende ho veit og allting styrar?

Moder jord, drog for å kvile  
Hyrden søv ved hennar side  
Liv til daud, sumar til vinter  
Frå ljøs til livmor